

Vår ref.:
21/01412-2

Vår dato:
09.03.21

Referat IDF 02/21 (08.03.2021)

Dato og møtets varighet: 08.03.2021, kl. 12.30 – 15.00 på Zoom

Til stades:

Arbeidsgjevar:

| | |
|------------------|-------------------------|
| Gunnar Yttri | Rektor |
| Tage Båtsvik | Organisasjonsdirektør |
| Wenche Fjørtoft | Avdelingsleiar HR |
| Anette Undheim | Seniorrådgjevar HR |
| Linn Melby Meyer | Rådgjevar HR / referent |

Arbeidstakar:

| | |
|-------------------------------|-------------------------|
| Ingrid Råheim Grønsdal | Utdanningsforbundet |
| Pål Albert Olsen | Akademikerne |
| Nina Samnøy | Akademikerne (bisittar) |
| Eva Leirbæk | Parat |
| Gjert Anders Askevold | Forskerforbundet |
| Tone Skjerdal | NTL |
| Torill Irene Olesrud Fjørtoft | Norsk Sykepleierforbund |
| Karin Bell | Hovudverneombod |

FASTE PUNKT

07/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

INFORMASJONS- /DRØFTINGSSAKER

08/21 Saker til styremøte

Rektor Gunnar Yttri deltok i møte for å gå igjennom styresakene.

10/21 – Godkjenning av innkalling, sakliste og protokoll

11/21 – Revidering av regler for forskningsetisk utval og oppnemning av utvalsmedlemmar for perioden 2021 – 2025

Rektor orienterte kort om saka.

Organisasjonane viser til at det er positivt at ein har fått inn fire representantar som representerer kvart fakultet i staden for at medlemmane skal representere nærregionane.

Parat viser til at det er positivt at sakshandsaminga som tidlegare var lagt på fakultetsnivå, no er lagt til forskingsetisk utval, då det ofte er kompliserte saker.

12/21 – Internrevisjonsrapport haust 2020 – Forvaltning av IKT – utstyr

Rektor innleia kort om saka.

NTL er positive til samarbeidet mellom institusjonane knytt til internrevisjon, og er særleg positiv til tilrådingane som inneber at tilsette får meir informasjon om prosessen kring IT-utstyr og kva utstyr som er registrert på kvar enkelt, slik at ein òg kan korrigere avvik. FF viser til i denne samanhengen at det er viktig å etablere eit system som er enkelt å nytte av sluttbrukaren. Det er bra at ein får betre kontroll over utstyr per eining og per tilsett.

I tillegg til internrapporten stiller FF spørsmål om bruken av heimekontor og utstyr, og korleis dette i koronaperioden har vore registrert? Organisasjonsdirektøren viser til at tilsette nyttar det utstyret ein har fått tildelt, eller har lånt med seg ekstra heim. Men er usikker på korleis rutine for registrering er i dette tilfellet.

Parat viser til at det i rapporten er enkle anbefalingar å følgje opp i HVL, men stiller spørsmål om korleis dette vert følgt opp etter revisjonen og korleis dette vert orientert vidare tilbake til styret. Organisasjonsdirektør viser til at ansvar for oppfølging av tilrådingane frå internrevisjonen ligg til hans linje, og at styret vil bli orientert hausten 2021 om korleis tilrådingane er følgd opp.

13/21 – Årsrapport 2020 – Høgskulen på Vestlandet

Rektor innleia kort om saka.

Organisasjonane og HVO kom i denne saka med kommentarar direkte til omtalen i årsplanen. Desse er lista opp under:

- HVO viser til at ein i dokumentet burde ha problematisert utfordringane med meirarbeid med digitalisering av undervisning for fagtilsette i 2020. Fagleg tilsette har i denne perioden måtte endra arbeidsmetodar som følgje av covid19 situasjonen.
- HVO stiller spørsmål om ordlyd på s. 40: Viser til at det ikkje har vore gjennomført vernerundar i 2020. Avdelingsleiar HR viser til at ein må rette opp teksten. I 2020 var det ikkje gjennomført vernerundar, men dette skal gjennomførast jamleg.
- Organisasjonane og HVO stiller spørsmål om setninga om K2 på s. 40 «nybygget innfrir prosjektet sine mål». HVL kan ikkje på dette tidspunktet kan vurdere at prosjektet knytt til aktivitetsbaserte arbeidsplassar i K2 har fungert, når ein ikkje har hatt normal bruk i bygget. Evalueringa må komme etter normal bruk.
- NTL stiller spørsmål om verksemdsmål knytt til arbeidsmiljø i strategiområde 4 (s. 36). Har i dette punktet etterlyst tal med fordeling av tilsette per campus, i dei ulike einingane, frå då vi fusjonerte til no. Det betyr noko for arbeidsmiljøet.
- NTL og UDF reagerer på i ordlyden på s.51 knytt til strategiområde 1. Setninga knytt til risikovurderinga må endrast i ordlyden: «... ein stor trussel mot dette er at HVL manglar tilstrekkeleg kunnskap og medvit hjå fagtilsette/emneansvarlege for å få dette raskt nok». Kven og kva er årsaka til trusselen som er lista opp? Organisasjonsdirektør påpeikar at dette er ei risikovurdering som skildrar ein trussel og ikkje ei skildring av tilstanden i HVL.
- UDF viser til at det viktig at høgskulen anerkjenner dei tilsette som har utdanningsfagleg realkompetanse, og ikkje berre dei 35 tilsette som har blitt kvalifisert i løpet av året (s. 16)
- UDF viser til at det er ønskjeleg å gjere språklege endringar på risikoar knytt til FOU (s.53) og ønskjer seg ein presisering på om Alumni skal utviklast eller om det er konseptet.
- HVO stiller spørsmål (s.47) om kvifor ein har vald å komme med innspel frå personvernombodet og studentombodet, men ikkje hovudverneombodet?

Rektor viser til at de organisasjonane og HTV har peika på fleire ting ein må vere medviten om. HVL skal ende opp med ein rapport som beskriv statusen for 2020, uheldig dersom oppfatninga er at det ikkje er det rette, eller heile biletet. I rapporten må ein få fram kva som ligg i risikovurderingar og senariotenking, og korleis dei er nytta som grunnlag for tiltak, på ein betre måte.

Når det gjeld risikobilete knytt til strategiområde 1 –er det utarbeid senario på kva som kan hende, det er ei risiko som er gitt for høgskulen dersom ein ikkje er medvitande i utviklinga. Men ein kan forstå at dette ikkje kjem klart nok fram i rapporten og dette må ein justere på. Vi kan ikkje komme ut med ei vurdering som snakkar ned HVL-tilsette sin kunnskap.

På spørsmål knytt til det samla bildet av HVL og fordeling av tilsette på campus vil dette komme fram i campusutviklingsarbeidet. Det de peiker på er ein del av det å bygge berekraftige campus.

Rektor og organisasjonsdirektør viser til at personvernombod og studentombod er direkte knytt, og arbeider etter mandat frå styret, og difor har eigne årsmeldingar som vert lagt fram.

14/21 – Endeleg budsjett 2021

Rektor innleia kort om saka.

FF er positive til at fakulteta sjølv kan nytte seg av mindreforbruket i årets budsjett. Det er viktig å ivareta alle tilsette på best mogleg måte. Sjå på moglegheitene for å drive med karriereutvikling og kompetanseheving. Stiller ope spørsmål om nokre av midlane i tillegg til å legge langsiktige planar kan nyttast på FOU-tid. Rektor viser til at det er fakulteta som skal nytte desse midlane vidare, og dei må sjå på moglegheitene for å nytte desse til kompetanseheving utan å få større kostnader over tid.

NTL viser til at høgskulen har fleire gjennomgåande satsingar og at det er strategiske midlar som gjer det mogleg, men er berekraft omhandla i budsjettet? NTL stiller også spørsmål om prosessen kring budsjettet. Har desse prosessane vore innom fakulteta? Etter hovudavtalen er budsjett ei sak som bør innom ID møta på fakultet.

UDF stiller spørsmål om modul 6 – leiarpakke på 4 millionar kr til alle fakulteta. Kva ligg til grunn for at den er lik på tvers? Rektor viser til at dette er ei lik løyving over HVL-budsjettet til alle fakulteta som skal sikre ei grunnbemanning av leiarar i fakulteta.

UDF viser til at lærarutdanninga framleis ikkje er fullfinansiert, vert dette teke høgde for i budsjettet etter må fakultetet ta denne kostnaden sjølve? Rektor viser til at dette er ei diskusjon nasjonalt, og sektoren venter på svar frå KD. No vil ein nytte overskotet av ikkje øyremerka studieplassar og avsetnader.

NSF viser til at ein i denne pandemien har ekstra midlar til avsetnader til ulike formål. I same periode har FHS merka at ein ikkje får tak i kompetansen ein sårt treng sidan HVL ikkje klarar å vere konkurransedyktig i høve lønn. Det er viktig å satse på kunnskap og kompetanse, sidan mykje ressursar blir knytt til digital undervisning. Rektor viser til at dette er ei problemstilling dei fleste dekanane ser knytt til arbeidsplanlegging og budsjett.

HVO stiller spørsmål om tal studentar per fagleg tilsett, i budsjettet er det FØS og FHS som har flest studentar, men mindre midlar. Rektor viser her til at dette er basert på KD sin finansieringsmodell, der prinsippa for fordeling er vidareført i HVL sin budsjettmodell, der ein gir mindre timer per utdanning på FØS og FHS enn FLKI og FIN.

Det vert også frå Parat vist til ein missnøye i fakulteta med modellen knytt til indirekte inntekter frå eksternfinansierte prosjekt. Rektor viser til at innsats på feltet skal lønne seg, men fordelinga mellom fakultet og FADM har ikkje vore diskutert i denne omgang, men kan ta dette vidare med dekanane.

UDF stiller også spørsmål om fordeling av strategiske midlar, kva dreier prosjekt «orden i eige hus» seg om? Organisasjonsdirektøren viser til at dette er oppfølging av krav til informasjonsforvaltning frå sentrale myndigheiter om at HVL skal ha oversikt over kva for data vi handterer, kva dei betyr, kva dei vert brukt til, kva for prosessar dei inngår i, og kven som brukar dei. Vårt prosjektarbeid i 2021 er knytt til å rydde i egne system, sikre koplingar, og gjenbruk av data. Prosjekt som vil strekke seg inn i 2021, som vi kan orientere tillitsvalde nærare om på eit seinare tidspunkt.

15/21 – Prosjekt Livslang læring i HVL – prosjektrapportering og vegen vidare

Rektor innleia kort om saka.

Organisasjonane er samde i at det er interessant lesnad. Det er klokt å drøfte og foreslå kva som kan gjerast vidare. Dette er eit område Høgskulen må lukkast med for å kunne rekruttere framover. UDF stiller spørsmål om ein skulle ha lagt til eitt ekstra alternativ, som sikrar at fagtilsette vert tettare involvert med å få det integrert i det daglege utdanningsoppdraget til dei tilsette. Stiller også spørsmål når livslang læring startar: ved 6 års alderen, 19 år eller 65år?

Det er mykje arbeid som må gjerast, ein ser på gradssystemet som har vore gjeldande i over 20 år, det er det som har og vil bygge organisasjonar og det nye universitetet. Korleis kan HVL få livslang læring integrert og kunne tilby kortare utdanningar? HVL er framleis søkande i svara som stillest.

Fleire av organisasjonane har ikkje teke stilling til val av modell, men viser til at ein er nøydd til å setta av både faglege og administrative ressursar til dette, det kan ikkje komme på toppen av alt anna. Men alle er einige at dette må vere ein integrert del av den ordinære drifta av høgskulen og ikkje som ein organisasjon i organisasjonen.

NTL viser til at det må vere incitament for tilsette å ta på seg slike oppgåver om desse fell på kveld og helg og at godtgjeringa frå HTA knytt til ubekvem arbeidstid for helg og kveld ikkje støttar opp om dette.

Parat viser til at dei er positive til dei strukturelle tiltaka på s. 8. Men stiller spørsmål om det er nødvendig med to årshjul? Det er bra at både kortsiktige og langsiktige mål settast opp. Det er også naturleg at livslang læring og alumni må sjåast i samanheng. Dette må etablerast inn mot universitetsprosjektet for å nytte alumni vidare.

Fleire av organisasjonane lener meir mot fakultetsmodellen der ein må sjå på utfordringane knytt til arbeid på tvers av fakulteta. FF viser til at livslang læring skal vere ein integrert del av alle fag og skal inn som ein del av den ordinære drifta. Det skal kun unntaksvis nyttast kveld og helgearbeid for dette. FF viser til at det er viktig å sjå korleis HVL kan bli ein kompetent kursbygger, og tilby dei tiltaka samfunnet treng, uavhengig om det er avdelingsmodellen eller fakultetsmodellen ein landar på. Det er positive og negative sider med begge.

Rektor tek med seg innspela vidare. Viser til at det er eit komplisert felt og at det kan vere ulik organisering på tvers av fakulteta, men må finne ut av korleis HVL skal treffe næringslivet sine behov best mogleg og samstundes sjå på korleis vi kan gjere oss gode.

16/21 – Gjennomgang av strategi for HVL 2019 – 2023

Rektor innleia kort om saka.

O-7/21 - Rekneskap 2020

Rektor orienterte kort om saka.

O-8/21 – Studiebarometeret: Resultat for HVL og oppfølging 2019 – 2020

Rektor orienterte kort om saka.

Parat ser at score for praksis har gått ned og kan ikkje sjå at dette er kommentert, er det endring i indikatorane (praksis mot Praksisveleiing) som er årsaka? Rektor viser til at praksis allereie er ein del av mange av utdanningane våre og skal integrerast i fleire. Det bør sjåast på kva som er årsaka, indikatorane eller covid-19 situasjonen kan nok forklare noko. NSF viser også til at det kan vere forskjellar knytt til studiestadane.

FF viser til at det ikkje er noko utvikling i tala frå 2019 til 2020, stiller spørsmål om det burde ha vore stigning? UDF stiller spørsmål om kvifor overordna tilfredsheit er meir positiv enn tala under.

O-9/21 – Løypemelding: Evaluering av den samla studieporteføljen

Rektor orienterte kort om saka.

NTL stiller spørsmål om korleis punktet knytt til levande campus skal vere inkludert i dette arbeidet. Rektor viser til at fokuset på campusperspektivet vil vere meir dempa i dette arbeidet sidan det også vil bli omtalt i campusutviklingsprosjekta, både overordna og på campus.

UDF viser til at dei i fleire samanhengar har høyrte at studieporteføljen skal taklast inn i campusutviklingsprosjektet, men desse prosjekta har ikkje stort nok handlingsrom. Det er viktig å ikkje glemme på eit slikt viktig punkt. I dei mindre arbeidsgruppene som er oppnemnt – økonomiske berekraft og etterspurnad – vil dei små campus vere meir påverka.

Rektor viser til at det i campusutviklingsprosjektet må studieporteføljen vere inkludert for å kunne avlaste evalueringa av studieporteføljen. Organisasjonsdirektøren viser til at det i campusutviklingsprosjekta vil vere arbeid med studieporteføljen, men at det er fakulteta og dekan som med innspel frå prosjektgruppene campusutviklingsprosjektet som har mynde, og at fakulteta må ta inn campusperspektivet i sitt arbeid med utvikling av studieporteføljen.

O-10/21 – Løypemelding: Nytt rektorat og andre leiingsnivå

Rektor orienterte kort om saka.

Akademikerne viser til at det går lite fram av saka kva som skjer med endringar i arbeidsoppgåver for tilsette i fellesadministrasjon og korleis tilsette skal forhalde seg til denne løypemeldinga. NTL er einig at det er ein vanskeleg sak å få tak i, det er ulike prosessar og alt grip inn i kvarandre. Er spent å sjå korleis ein nærmar seg stadleg leiing.

Organisasjonsdirektøren viser til at det er eit forsøk på å spele inn eit samla bilete av, og ei tidslinje for dei ulike organisasjonsutviklingsprosessane som skal gjennomførast våren 2021. Desse heng saman, og er gjensidig avhengig av kvarandre. Rektor viser til at ein i vår har eit betydeleg konkretiseringsarbeid å gjere, og at dette vil bli gjort i dei ulike OU-arbeida som skal gjennomførast.

UDF stiller spørsmålsteikn ved leiarressurs knytt til stadleg leiing, kva betyr dette? Rektor viser til at ein følg opp tidlegare styresak. HVL skal ha gjennomgåande leiing og det er uttrykt behov for å ha ressursar for leiing på kvart campus. Dette ligg særskilt opp mot feltet til prorektor for regional utvikling, men er og aktuelt for fakulteta å vurdere i sine interne organisasjonsutviklingsprosessar. Viktig premis er at vi ikkje skal ha leiing på kvart campus som bryt med allereie sette leiarlinjer, og prinsippet om gjennomgåande leiing.

O-11-16/21 Orienteringssaker og årsrapportar

Rektor orienterte kort om sakene. Ingen innspel frå HTV.

O-17/21 – Årsrapport for arbeidsmiljøutvalet 2020, inkludert sjukefråværstal

Rektor orienterte kort om saka.

UDF kommenterte oversikten med sjukefråværestal og viser til at det er godt å få med campusoversikt her. Merka seg at HVL hadde ein auke i sjukefråværet frå 2. til 3. kvartal som ikkje er kommentert når ein samanliknar med andre næringar.

09/21 Drøftingssak frå velferdsutvalet –

Reviderte retningslinjer for tildeling av velferdsmidlar, inkl. Oppretting og samansetting av lokale velferdsutval.

Leiar for velferdsutvalet Ingrid Grønsdal innleia kort om sak til drøfting.

Organisasjonane er samde om endringane til reviderte retningslinjer og å opprette lokale velferdsutval. Det er viktig å få inn lokale tilsette som kan bidra, arbeidsgjevar må støtte dersom ingen melder seg. Organisasjonane er spent på søknadane som kjem inn.

10/21 Drøftingssak frå velferdsutvalet –

Utviding av bedriftshytte som velferdstilbod ved HVL

Leiar for velferdsutvalet Ingrid Grønsdal innleia kort om sak til drøfting.

Akademikerne har spilt inn at dei ønskjer å nytte velferdsmidlane til å kompensere for trening gjennom Saman. Leiar for velferdsutvalet viser til at dette var ei ordning som Saman avslutta. Ein har ikkje lov til å knytte velferdsmidlar til dette føremålet, direkte støtte til medlemskap i treningssenter vil reknast som lønn, vil gje ein auke av oppgåver til lønnskoret. Det blir såleis ikkje rett å sjå dei to tilboda saman. Men det er viktig å melde tilbake til dei som er skuffa om årsaka til at tilbodet er borte.

HTV og HVO viser til at det enten må vere to hytter eller ingen, ønskjeleg å ha eit reelt tilbod for alle tilsette ved HVL. HTV og HVO er positive til at ein opnar opp for ei bedriftshytte som har betre tilgang for tilsette i Førde og Sogndal.

Det må opnast opp for stor variasjon av brukarar frå alle campus der det er mogleg. Hyttestyret må om naudsynt ha ei relativ tildeling knytt til tilsette på campus. Informasjon om hyttene må komme tydeleg ut til dei tilsette på vestibyen/personalhandboka. Organisasjonane er samde i at ein ikkje bind seg til for lange kontraktar men opnar opp for moglegheita til å evaluere ordninga.

Sak 11/21 drøfting av mellombelse stillingar i HVL og andre saker knytt til 12/21 Eventuelt vil bli utsett til nytt møte i løpet av veke 10. Referatet frå dette møtet vert sendt inn til HVL styret 22. april.

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen handskrivne signaturar.